



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 20.10.2016
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

Til stades:

Anne-Inger Lunner, Anlaug Jorunn Bergan, Jarl Olav Rugtveit, Anne Marie Etholm, Geir Valle, Johannes Sand, Rune Nilsen, Lars Roe.

Meldt forfall:

Målfrid Nygård Laskemoen, Tora Skjerkholt Aarnes.

Saker

Sak 000026 Underteikning av ny misjonsavtale

Ny misjonsavtale med NMS (NDet norske misjonsselskap) blei underteikna. Avtale gjald for perioden 2016-2019 og Jorunn Lien orienterte om NMS sitt arbeid i Thailand, og kva deira ansvar er iflg avtala. Soknerådet på si side pliktar seg til å; gå i forbøn for arbeidet, informere om det og samle inn pengar (m.a. med 4 offer pr år).

Sak 000027 Menighetsweekend - som blir menighetsdag

Av organisatoriske årsakar blir menighetsweekenden på Jønnbu omgjort til ein menighetsDAG den 30. oktober.r

Sak 000028 Brev som ordførar og soknerådsleiar har sendt til kulturdept.

Ordførar og soknerådsleiar ahar saman sendt eit brev til Kulturdepartementet der dei tek til orde for at Staten bør ta eit økonomisk ansvar for vedlikahald av middelalderkyrkjene våre.

Sak 000029 Arbeid med offerliste 2017

Lillil påtek seg ansvaret for å utarbeide eit forslag til offerliste 2017. Ho trekker inn andre personar ved behov.

Sak 0000230Kalkmaleria i Nes – status

Konservatoren frå Nordisk Konservering i København var tilbake og gjorde dei siste underøkingane i Nes kyrkje i midten av september. Arbeidet med rapporten blir noko forsinka og vil venteleg ikkje vere ferdig før ved årsskiftet.

Sak 027/16 Gudstenesteforordning for Sauherafd og Nes

I juni 2015 sendte vi søknad til bispedømet om ny gudstenesteforordning her i Sauherad, etter at saka vart handsama i soknerådet 20.5.2015 (sak 21/15).

Vi har no fått sendt over biskopen sitt forslag til forordning her i Sauherad, og den er i tråd med vårt vedtak, men med eitt unnatak: Det er ført opp tre gudstenester på institusjonar medan vi i realiteten har berre ein; på Bygdeheimen siste søndag før jul. Dette avviket beror nok på i feiltolking av søknaden vår.

Dersom vi ikkje skal auke talet på institusjonsgudstenester frå slik det er i dag, må vi korrigere dette talet.



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Forslag til vedtak:

Soknerådet godkjenner biskopen sitt forslag til gudstenesteforordning for Sauherad og Nes, men da berre med éi årleg gudsteneste på institusjonane.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet vedtek biskopen sitt forslag til gudstenesteforordning for Sauherad og Nes, med det unnatak at det berre er éi årleg gudsteneste på institusjonane (Bygdeheimen).

Sak 028/16 Oppretting av partssamensett utvalg/ADMU

Ved konstituering av det nye soknerådet skulle det blitt oppretta eit partssamansett utval (også kalla administrasjonsutvalg – ADMU), men det blei dessverre utegløymt. Dette utvalet er heimla i kyrkjelova §35, som seier at «*I tilknytning til kirkelig fellesråd og menighetsråd som utøver arbeidsgiveransvar skal det opprettes et partssammensatt utvalg for behandling av saker som gjelder forholdet mellom [...] soknet som arbeidsgiver og de tilsatte, [...] Utvalget sammensettes av representanter for rådet og representanter valgt av og blant de tilsatte. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for rådet. Rådet velger utvalgets leder og nestleder blant disse.*»

Dei tilsette stiller med to representantar i ADMU og da må soknerådet velje tre, sidan rådet skal utgjere fleirtalet av utvalet.

Forslag til vedtak:

Soknerådet veljer flg tre representantar + ein vararepr. til å sitje i administrasjonsutvalet.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet veljer flg representantar til å sitje i administrasjonsutvalet(ADMU): leiar, nestleiar, Rune Nilsen., Tora Skjerkolt Aarnes (vara).

Sak 029/16 Økonomirapport - budsjettkontroll 3. kvartal 2016

Rekneskapan for soknerådet er no ført t.o.m september (3. kvartal). Det syner at utgiftene følgjer budsjettet ganske bra – både på løn og kjøp av varer og tenester. Ein uforutsigbar utgift er alltid pensjonskostnadane, men desse er etterkontrollert og ser heldigvis ut til kanskje å bli 30.-40.000 lågare enn budsjettet. Sidan vi har ein trusopplærar i svangerskapspermisjon og har tilsett ein vikar som starta midt i august, vil dette trekke opp løns- og pensjonskostnadane. Men på den andre sida vil NAV refundere størsteparten av lønskostnadene til ho som er i permisjon, slik at nettoresultatet skal bli null – i teorien. Vi har også hatt noko sjukefråver så langt i år, som gir grunnlag for refusjon.

I juli har Sauherad kyrkje blitt måla av innleigd mannskap. Det var eit arbeid som har kosta vel 50.000 kr, og



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

desse kostnadane er fordelt både på juli og august.

Vi har også i haust måla/beisa og skifta vindski på kapellet i Nes. Dette arbeidet har vi gjort sjølve.

Når det gjeld inntektssida så er det meste forutsigbart. Festeavgifta ligg framleis ca 40.000 under budsjett., men dette gapet blir langt på veg kompensert ved at vi har fakturert om lag same summen i arbeid med oppretting og fjerning av gravminne.

Nytt i år er at vi no får momsoppgjer for kvar termin, og ikkje i starten av januar for heile det foregåande året. Med ein del store utgifter som vi har og har hatt, så blir det snakk om ganske mange hundre tusen. Den nye ordninga betrar difor likviditeten monaleg.

I vedlagte regneark er det også utarbeidd ei prognose for heile 2016. Slik situasjonen ser ut p.t vil vi i år gå mot eit 0-resultat.

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet tek økonomirapporten til orientering.

Sak 030/16 Budsjettutkast 2017

Forutsetningar:

Tilskotet frå kommunen er regulert opp med snaua 2 % + 0,5 mill kr ekstra til vedlikehald. Det er ikkje lagt inn noko statlege midlar til vedlikehald eller oppgraderingar av kyrkjene.

Elles viser eg til budsjettet som er oversendt kommunen den 8. oktober.

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek budsjettet til orientering.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet vedtek det framlagte forslaget til budsjett for 2017.



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Sak 031/16 Offer til TV-aksjonen 2016

Biskopen sendte i slutten av september eit brev til alle kyrkjelydane med oppmoding om at kollekta på gudstenesta 23. oktober går til TV-aksjon. Det er Røde Kors som er mottakar av årets innsamling, og dei skal bruke pengane på å gje helsehjelp til menneske som er råka av krig og konflikhtar.

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet vedtek at offeret søndag 23. oktober går til TV-aksjonen. Det planlagte offeret til Stefanusalliansen blir flytta til søndag 13. november.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen
kyrkjeverje